



Haugen Vva AS  
Kanalveien 5  
5068 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1744 - 19/30070

Saksbehandlar:

Knut Bjørnevoll

knut.bjornevoll@lindas.kommune.no

Dato:

10.10.2019

## Dispensasjon og løyve til etablering av vassleidning - GBNR 131/5 og 131/77 Remme

### Administrativt vedtak. Saknr: 574/19

**Tiltakshavar:** Lindås kommune - Teknisk drift

**Ansvarleg søkjar:** Haugen Vva AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om forlenging av tidlegare godkjent vassforsyning frå Fosse til Remme vidare sørover til det som tidlegare var fabrikk til Sellevoll plast

Visar løyve til legging av vassleidning mellom Krosslia og Remme (snr. 18/2092). Lindås kommune - Eining for teknisk drift ynskjer å utvide omfang på nytt leidningsnett for å sikre vassforsyning fram til eigedomar sør for anleggsområdet (til gnr. 131 bnr. 11, 12/31, 28, 58). Vi søker difor om løyve til å leggje ny vassleidning i sjø mellom nytt leidningsnett på gnr/bnr. 131/5 og fram til gnr/bnr. 131/77 (kum V2-V6). Fråsegn frå Bergen Hamn om sjøleidning vil bli send så snart denne er mottatt.

### BESKRIVELSE AV TILTAKET

Tiltaket omfattar legging av ø225mm vassleidning mellom nytt leidningsnett på eigedommen gnr/bnr. 131/5 på Remme og til eigedommar rundt tidlegare Sellevoll plast (gnr/bnr. 131/12 og /31).

### Definisjon av omfang:

1. 300m vassleidning som sjøleidning i Årsholmsundet
2. 30m vassleidning i borehol gjennom fjell mellom Remme (kum V2) og Radsundet
3. Ny vassverkskum (V6) i terreng på gnr/bnr. 131/77
4. 20m stikkleidning (160mm) til fabrikkbygg på gnr/bnr. 131/12
5. kryssing av tørrmura kaifront på gnr/bnr. 131/77
6. Legging av ein ø225mm og to ø63mm leidningar frå kum V6 til sjø for å leggje til rette for framtidige byggjetrinn på ringleidning til Hilland og stikkleidningar til private eigedomar

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

## Planstatus

Leidningen vert lagt i borehol på gbnr 131/5 under areal med føremålet LNF i Kommunedelplan for Alverstraumen. Ilandføring på gbnr 131/77 er på næringsareal, men arealet er markert som viktig kulturområde i Kommunedelplan for Alverstraumen:

### 3.2.4 Kulturminne, jfr pbl § 20-4, 2.ledd, bokstav b

Ved planlegging eller prosjektering av nye tiltak skal det takast omsyn til eksisterande kulturminne. Der kulturminnet har lokal arkitektonisk verdi skal dei innarbeidast i prosjektet sitt hovudgrep som eit estetisk identitetsskapande element.

Nye tiltak etter lova skal lokaliserast og utformast med ein god estetisk kvalitet slik at verneverdige objekt ikkje vert berørt.

### 3.3 Kulturminne i byggeområde

Kommunen pliktar å sende søknad om riving eller vesentleg endring av ikkje-freda byggverk eller anlegg som er ført opp før 1850 til Hordaland fylkeskommune for vurdering, jfr. kulturminnelova § 25.

#### Retningslinjer

- Det er utarbeidd temakart som viser eldre og nyare kulturminne i planområdet. Dersom det er aktuelt med tiltak i nærleiken av desse, bør det også takast omsyn til dei nyare kulturminna (ført opp etter 1850).
- Søknad om tilbygg m.m. på verneverdig bygningsmasse, bør sendast til kulturvernmynde dersom det medfører konsekvensar for verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.
- Vert det aktuelt med tiltak innanfor område som i plankartet er merka med symbol for viktig kulturområde, vil kommunen krevje at det vert utarbeidd reguleringsplan i samsvar med plan- og

bygninglova § 27 – 1. Informasjon om konklusjonar som er kome fram gjennom prosjektet "den indre farleia", bør leggjast til grunn i arbeidet. Omfanget av planen bør vurderast, men areala bør regulerast i ein heilskap. Dette gjeld følgjande område:

- Tidlegare "Sellevoll plast" og bustadhusa som ligg ved tilførselsvegen til anlegget.
- Området som strekkjer seg frå det gamle senteret i Alverstraumen, og sør mot brua.

Sjøleidningen er i samsvar med føremålet, då kommunedelplanen tillet infrastruktur lagt i sjø.

## Dispensasjonar etter PBL som skal handsamast

Krav om utarbeiding av reguleringsplan og byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.06.2019.

## Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.06.2019, og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne datoen pluss den tida saka har vore på høyring.


#### **Uttale frå anna styresmakt**

Søknaden vart sendt på høyring til Fylkesmannen i Vestland og Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og idrettsavdelinga. Det har ikkje komme merknader til søknaden.


Tidlegare Sellevoll Plast



# Oversikt – tidlegare godkjent kryssing og ny ledning mot sør



# Ny ledning



### **Lov om havner og farvann**

Sjøleidningen er i samsvar med føremålet , då kommuneplanen tillet infrastruktur lagt i sjø. Handsaming etter hamnelova kan såleis gjerast utan å venta på dispensasjon.

### **Biologisk mangfald**

er vurdert i vedlagt rapport frå NNI Resources AS .

### **Nabovarsling**

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Det er inngått grunnavtale med berørte grunneigarar.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 07.06.2019

### **Dispensasjonssøknaden**

er vedlagt. Utdrag frå søknaden:

Leidning vil hovudsakleg bli lagt på botn i sjø. Inngrep i strandsona vil haldast på eit minimumsnivå. Ny vassverkskum vil bli bygd inn i terreng og dekkja til med natursteinsmur. Kaifront vil bli reetablert over leidningssona og terreng tilbakeført. All bygningsmasse og konstruksjonar vil bli oppretthaldt som i dag.

Legging av vassleidning på areal definert som næringsareal og viktig kulturområde i Kommunedelplan for Alverstraumen vil ikkje endre bruk av arealet. Utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket skal difor ikkje være naudsynt.

Vi meiner at bygging av ny hovudvassleidning vil gi store fordelar til lokalsamfunn i nordvestre del av Lindås kommune.

### **VURDERING**

#### **Pbl § 12-1**

Pbl § 12-1, tredje ledd, første punktum lyder: *For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan.*

Tiltaket går over ein strekning på ca 600, men det vil ikkje få særlege verknader utanfor sjølve leidningstrasèen, ved korrekt og omsynsfull utføring av arbeidet, slik det er tilrådd i notatet *vurdering av tema naturmangfold*. Tiltaket medfører etablering av grøft i naturverdiar som er ordinære for regionen. I den grad det vil vera mogeleg å reetablere tilsvarande vegetasjon etter utføring av tiltaket, vil konsekvensane for naturmangfaldet vera svært små.

Etter kommunen si vurdering er tiltaket så godt opplyst at det kan godkjennast utan krav om reguleringsplan.

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser. Desse omsyna vil, i varierende grad, og gjerde seg gjeldande på ein bygd eigeom. Til dømes vil landskapsomsyn, her landskapsestetikk, tilseie at fysiske inngrep og/eller anlegg i strandlina lyt avgrensast

Omsynet bak kravet i kommuneplanen, om utarbeiding av reguleringsplan i byggeområde, er å sikra forsvarleg planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, fleirbruk og vern i forhold til berørteprivate og offentlege interesser.

Tiltaket vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Offentleg vassforsyning til nye område vert sikra. Leidningane skal gravast ned og terrenget skal reetablerast og vil såleis ikkje endra bruken av arealet eller det visuelle inntrykket av kulturminne.

Administrasjonen si vurdering er at omsyna bak LNF-føremålet, plankravet og strandsonevernet ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av etableringa av vassleidningen, under føresetnad av arbeidet vert utført i samsvar med vilkåra i vedtaket.

#### Moment som talar mot godkjenning:

- Tiltaket er i strid med LNF-føremålet og forbodet mot tiltak i strandsona
- Dispensasjonar kan i mange saker føra til uheldig presedens

#### Moment som talar for å godkjenna søknaden:

- Fylkesmannen har ikkje komme med merknad
- Fylkeskommunen har ikkje komme med merknad
- Tiltaket vil ikkje i vesentleg grad forstyrre landbruksdrifta, kulturlandskapet, naturmiljøet eller andre interesser som kommuneplanen er meint å ivareta
- Tiltaket er viktig for sikring av vassforsyning til nye område på Remme
- Tiltaket er eit viktig infrastruktur – og folkehelseiltak som vil sikra drikkevatt av god kvalitet med stabil leveranse til fleire innbyggjarar i kommunen

Tiltaket vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil gje ei offentleg vassforsyning til nye område i kommunen.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på samfunnsnyttan anlegget vil få.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF-føremålet, plankravet og forbodet mot tiltak i strandsona er oppfylt.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Grunnavtalar ligg føre.

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn for vedtaket.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Søkar har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova i notatet *Vurdering av tema naturmangfold* datert juni 2018. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Kommunen legg denne vurderinga til grunn og finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova dersom dei råda som er gjevne i rapporten frå NNI Resources vert følgt.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen og plankravet i kommunedelplanen ( jf. pbl § 11-6) og byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8 for etablering av vassleidning i samsvar med søknad motteken 07.06.2019.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av vassleidning i samsvar med søknad motteken 07.06.2019, på følgjande vilkår:**

- 1. Gjennomføringa av tiltaket skal planleggast og utførast på ein slik måte at det vert teke omsyn til fauna og flora langs trasèen.**
- 2. Arbeidet skal leggast opp slik at ein unngår inngrep i /varig skade på kulturlandskapstrekk som murar, kaiar, steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar hustuffer m. m. Ved tvil skal kulturstyresmaktene kontaktast.**
- 3. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplanar mottekne 07.06.2019, med heimel i pbl. § 29-4.**
- 4. Dersom det det ved graving kjem fram funn som kan vera automatisk freda kulturminne, skal arbeid på denne staden stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.**

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:**

- **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

### **Bortfall av løyve**

**Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1744**

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

0315-GH05B - teiknng/kart

0315-GH01D - kart

Remme VL-dispensasjonssøknad02

0315-B07\_2 - Følgeskriv til søknaden

Nytt vannanlegg Alversundet 2018\_Tema naturmangfold

Oversender søknad om dispensasjon for vassleidning til uttale - gbnr 131/5 og 131/77 Remme

**Kopi til:**

Bergen og Omland	Postboks 6040	5892	BERGEN
Farvannsforvaltning Iks			
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Haugen Vva AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN

**Mottakarar:**

Haugen Vva AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
Lindås kommune - Teknisk drift			